

Høyringsvar frå Utdanningsforbundet Vågå.

Ei viktig sak for medlemmar i Utdanningsforbundet har lenge vore at vi har ei minstenorm for lærarar i skulane. Denne vart innført i 2018, med mål om å:

- sikre alle elevar tilgang til kvalifiserte lærarar, uavhengig av kvar i landet dei bur, for å gje eit forsvarleg opplæringstilbod.
- redusere ulikskapar i klasseromma ved å garantere eit minimumsnivå av kvalitet og ressursar over heile landet.
- tilføre fleire lærarar til skulane.

Nasjonalt har norma gjeve 2500 fleire lærarstillingar. Til bekymring har dere lagt fram den fyrste delinnstillinga si i NOU 1:2026. Der blir det føreslått at lærarnorma skal avviklast, og eit mindretal føreslår at ho skal endrast og leggjast på kommunenivå. Desse framlegga gjer medlemmane i Utdanningsforbundet Vågå urolege.

Å fjerne lærarnorma, eller leggje ho på kommunenivå, vil gje oss færre lærarar og dårlegare moglegheiter for å følge opp alle elevane. Vi går då tilbake til det som var utgangspunktet for at norma vart nødvendig og vedteken i 2018. Som lærarar i Vågå kommune – ein kommune der eldrebølgja allereie gjeld – fryktar vi færre lærarar. Vi fryktar også kva dette vil gjere med attraktiviteten til yrket, og ikkje minst moglegheita for å rekruttere og/eller halde på nyutdanna lærarar ute i distriktskommunar som vår. Ein kommune som treng at yngre tek høgare utdanning og har ein jobb å flytte heim til. I tillegg ser vi at det å ha god nok bemanning er god fráværstøbygging.

Å sjå styreleiar i KS, Gunn Marit Helgesen, feire med kake då rapporten vart kjend, er provoserande. *«Lærernormen hindrer kommunene å styre ressursene dit behovet er størst. Ulike skoler kan ha forskjellige utfordringer og behov. Derfor er det riktig å endre den slik at vi kan sette inn flere lærere for elever og klasser som har størst behov for dem»*, uttalte Helgesen etter at Kommunekommisjonen hadde lagt fram rapporten (KS feirer forslag om å skrote lærernormen). Dette er feil: Lærarnorma SIKRAR at alle barn og unge i skulane i Vågå og resten av landet skal ha eit MINIMUM antal KVALIFISERTE lærarar som gjev undervisning og opplæring. Alle kommunar kan setje inn så mykje ressursar dei vil der behova tilseier det. Dei kan setje inn så mange fleire lærarar, fagarbeidarar, miljøterapeutar, vernepleiarar osv. som er nødvendig for ulike elevar og klassar sine behov. Lærarnorma hindrar ikkje kommunane i å styre ressursane dit behovet er størst, ho beskriv ikkje eit maksimum – ho sikrar derimot eit minimum!

Utdanningsforbundet Vågå forventar at lærarnorma ikkje blir fjerna. Å oppretthalde lærarnorma på skulenivå bidreg til at elevar får nødvendig oppfølging og tilpassa opplæring, noko som er avgjerande for læring og trivsel.

For Utdanningsforbundet Vågå

Ved leiar Arnt Odnnes